

# ÅRSMELDING

## for Rasdalen grendalag

### 2019/2020

#### **Innleiing**

Årsmøtet for 2018/19 vart avvikla i grendahuset 18.04.19. På dette årsmøtet vart det gjort ei endring i styret : Nina Haugsnes vart valt inn for Frøydis Eide, som sa takk for seg etter mange år som styremedlem.

#### **Styret har då vore samansett slik :**

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Frode og Arild står på val (styremedlemmer) og Vegard står på val (varamedlem).

-----

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Geir står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

#### **Møteverksemd og Korona**

Dette året har det vorte halde tre styremøte i grendalaget. Det første styremøtet hadde me 7.juni, og det andre møtet var 11.oktober. I tillegg hadde også styret som vanleg eit møte i forkant av årsmøtet 18.april. Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

#### **Men først litt om situasjonene per i dag :**

På grunn av Korona-viruset må alle arrangement i påska 2020 avlyst i Rasdalen. Det vil seia at det ikkje vert årsmøte, påskerenn eller påskebasar. I tillegg er det svært lite med folk i dalen, for dei som bur i andre kommunar kan ikkje bruka hyttene sine.

Dette er ein heilt spesiell situasjon, både for oss, og for alle andre i landet – og også for heile verda. Styret tek sikte på å ha eit styremøte når det vert mogeleg å halda. Då lyt det avgjerast kva som m.a. må gjerast med val av styret. Det som styret vil gå inn for, er at det styret som no fungerer, sit eit år til utan endringar. Korleis det vert med dugnaden,

fellesturen og sommarfesten i 2020, er uråd å seia noko om i desse usikre tider.

Årsmeldinga som no er skriven, men ikkje godkjent, vert lagd ut på Rasdalssida, [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no). Det må vera i grendalaget si interesse at aktiviteten, og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss.

Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida. Dette med å senda bilete og informasjon må medlemmene vera flinke til å gjera, så det er berre å bruka telefonen og senda av garde. Viktig informasjon elles skal også verta kunngjort som oppslag her i Rasdalen.

## **Saker det har vore arbeidd med :**

### **Dugnaden 08.06.19**

Denne gongen gjekk dugnadsarbeidet i hovudsak ut på å skrapa og måla karmar og sprosser innvendig. Det var eit heller omfattande arbeid som gjekk over tid. Veret var nok ein gong på vår side på dugnadsdagen, og me fekk då gjort ein god del av arbeidet. Men for å få gjort arbeidet ferdig, måtte me bruka to ekstra dagar litt seinare på sommaren. Då var det folk som melde seg til innsats, og dermed fekk me avslutta arbeidet. Å skrapa og å måla sprosser er nok ikkje det mest lystbetonte og motiverande arbeidet, men grendahuset tok seg monaleg betre ut innvendig etter det arbeidet som vart gjort. Det lyt i tillegg nemnast at det samstundes vart vaska og reingjort i grendahuset, også det eit nødvendig og viktig arbeid.

### **Sommarfesten 27.07.19**

Sommarfesten vart avvikla etter same mønster som tidlegare, først aktivitetar ute, og så samling inne. Det var 33 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag. Uteaktivitetane gjekk greitt unna med konkurransar og med kreativ og interessant natur- og kultursti. Etterpå heldt me etter tradisjonane til i salen nede. Som vanleg var det mykje god mat frå koldtbordet, det var quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Inntektene på denne festen er viktig for grendalaget, og i fjor fekk me inn heile 9162 kr på åresalet, eit imponerande resultat. Inngangsbillett har me no sløyfa på sommarfestane. Tradisjonen med sommarfest er – og har vore - viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

## **Påskebasaren 20.04.19**

Basaren på påskeaftan har alltid vore ei viktig inntektskjelde for Rasdalen grendalag. Me fekk denne gongen inn 14.105 kr på basaren, og det skal me vera godt nøgde med. Det nemleg ikkje fullt i salen denne gongen, om lag 55 personar. Dette var det andre året med tre trekningar, og det vil me nok halda fram med. Påskerennet gjekk ut dette året, det vart for lite med snø. Styret er svært takksam for at folk er så flinke til å stilla opp, kjøpa årer og gje gevinstar til åresalet.

## **Økonomien til grendalaget**

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.19 var på 60.680 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 20.000 kr til faste utgifter. Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2020. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286.

## **Arbeidet med stadnamn**

Her har me no kome ein god del lenger i prosessen, Jan har, med god hjelp, samla stadnamn både for Øvre og Nedre Rasdal. Arild jobbar vidare med desse og namna frå Rørbakken, og får namna plassert på kart. Me håpar å få ferdigstilt dette arbeidet i løpet av sommaren.

## **Diverse**

Grendahuset har, som me før har påpeika, fått ein god del «oppgraderingar» i løpet av dei siste åra. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag. Det er også viktig at me tek vare på huset, og at det ser velstelt og skikkeleg ut. På dugnaden i 2019 fekk me gjort eit stort og viktig arbeid innvendig.

Dei siste fire åra har me arrangert fellesturar. I 2016 gjekk turen gjennom Tostigen og tilbake til Nerjorda. I 2017 arrangerte me ein tur til Holo og Rørbakken på austsida av elva. I 2018 gjekk turen til Nerjordsnipa og tilbake gjennom Garlia. I 2019 sette fem personar, i eit ufyseleg ver, kursen mot Bolstadstølen laurdag 20.juli. Der vart me tekne godt imot av Per Åge og Helen Kristin, dei inviterte oss inn i varmen og gav oss god bevertning. Mange takk for at de tok imot oss på den måten ! Så får me sjå korleis det vert med den planlagde fellesturen vår til Dunsen 25.juli.

Elles er vaskemaskina operativ, og den var i full sving sist sommar. Me ser at dette er eit greitt tilbod til dei som er her oppe i ein lengre periode. Me tek 50 kr for å bruka maskina, og har ikkje fått reaksjonar på det. Vipps fungerer også godt, det er også eit velkome tiltak som mange som nyttar seg av. Vippsnummeret til Rasdalen grendalag er 530195.

Når det gjeld saka om privatisering av kommunale vegar i Voss herad, har det ikkje kome noko meir opp omkring det så langt i 2020. Men me lyt berre fylgja med framover, sjølv om det nok for tida er covid-19 og følgjene av det som har mest fokus i heradet.

## **Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare**

I året som har gått så har det vorte utført ein god del dugnadsarbeid. Det har også vorte som vanleg arrangert påskebasar, påskerenn, fellestur og sommarfest. Styret prøver så godt det kan å tilretteleggja aktivitet i dalen, i tillegg til å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø.

Dugnadsarbeidet i fjor tok meir tid enn planlagt, så med lærarrommet i 3. etasje har det ikkje skjedd så mykje. Planane har me, så då er det berre å få arbeidet sett i gang. Her vert det nok også behov for dugnadsarbeid for å få dette gjort. Dette får me koma tilbake til når det forhåpentlegvis vert normale tilstandar igjen.

Det som opptek oss alle no, er konsekvensane av Korona-viruset. Tilværet er prega av innskrenkingar, avlysingar, permitteringar og ulike forbod. Mange kjem i ein vanskeleg økonomisk situasjon i desse usikre tider. Det kan også etter kvart gjelda grendalaget. Inntektene på påskebasaren har vore ei viktig inntektskjelde for oss i mange år for å dekkja faste utgifter. Men me håpar «å stå han av», som nordlendingane seier. I informasjonen som vart lagt ut på Rasdalsida for eit par veker sidan, vart det nemnt at dersom det var medlemmer som ville støtta grendalaget i desse tider, så ville me vera takksame for det. Men det må understrekast at dette er høgst frivillig og heilt opp til den enkelte. Dei som no slit med økonomien, har sikkert meir enn nok med det.

Det er ikkje anna for oss enn å sjå framover, det vert nok ein slutt på koronaen og !

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 03.04.2020

